

Kjære kyrkjelyd.

Tida før påske kallar vi i kyrkja; fastetid. Fargen i kyrkjerommet er fiolett og tema i preikene handlar om liding, prøvingar og kampen mellom det gode og det onde. Den første søndagen i faste hadde vi visitasgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje. En flott gudsteneste, takk for deltaking. Kommande søndag feirar vi Maria bodskapsdag, dåp og samtalegudsteneste med konfirmantane.

Maria bodskapsdag er ein minnedag for då engelen kom til Maria for å fortelje henne at ho skulle føde Jesusbarnet. Preiketeksten frå Lukas kapittel 1, 39-45 og handlar om det som skjer etter at engelen går frå Maria. No handlar det om to kvinner som har fått ei viktig oppgåve å bere fram born som skal bety noko stort i Guds frelseplan. Då engelen seinare forlet den unge Maria gjekk ho beinvegen opp i fjellbygdene for å snakke med den eldre kvinna Elisabeth som snart skulle føde Johannes som fekk tilnamnet «døyparen».

Maria søkte ein mentor og vegleiar, tenkte eg då eg las teksta. Det er fint å snakka med ei som har erfaring med å bere fram born, når ein skal gjere det første gong. Men her er det noko annleis; Venninna Elisabet venta og sitt fyrste born. Her trur eg det er to kvinner som søker saman fordi dei borna dei skal gje liv har ei spesiell tyding. Elisabet seier til Maria då ho reiser heim igjen; «Velsigna er du mellom kvinner og velsigna er frukta i ditt morsliv».

Alle har vi fått ei oppgåve i livet. Korleis kan vi forstå den rolla som er gjeven oss og korleis løysa den oppgåva som er gjeven meg? Då vil eg du skal gjere som Maria å søkje til nokon som du kan snakka med om dei store og viktige tinga i livet. Eg vil også minna deg om dette barnet som seinare blei født i Betleheme, Jesus Kristus. Om han syng med:

«Kristus er verdens lys - han og ingen annen, født i vårt mørke, født som en av våre. Når han er nær oss, er vår Far å finne. Ære være Gud».